



Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Fyresdal kommune
Klokkarhamaren 6

3870 FYRESDAL

Dykkar ref.
19a5c789-59cd-4c9f-
ac39-498ce26fd745

Vår ref.
21/535-2 21/8442
Jarle Lunde

Arkivkode:
K2-L42

Dato:
09.06.2021

FØREHANDSUTTALE TIL SØKNAD OM OPPSETTING AV HYTTE VED GAMAL STØYL GBNR. 88/1, FYRESDAL KOMMUNE

Me viser til brev datert 29.04.21 der kommunen ber om førehandsuttale i saka. Me beklagar sein tilbakemelding.

Saka

Kommunen skriv: «Fyresdal kommune har mottatt søknad frå eigarar av gnr/bnr 88/1, Lie i Liegrend i Fyresdal kommune. Dei ynskjer å kunne få satt opp att ei hytte ved den gamle støylen ved Stemtjønn, Stemstøyl. Dei seier at den gamle stølen vart bygd i 1802, no er det berre att restar av bua samt holdesteinar. Dei seier at dei ynskjer å styrke garden Lie som driv med jakt og jaktutleige. Hytta vil bli brukt til utleige og til eigen bruk.

Den gamle bua var på omlag 10 m² og det er her ved sida av tomta forholdsvis blaut og myrete. Dei ynskjer då å sette opp den nye hytta omlag 50m til høgre for der den gamle bua sto og dei tenkjer seg ei hytte opp mot 50 m²».

Vurdering

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Kort om villreinen, ansvar og planstatus

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bernkonvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta vare på villreinen. I Norge forvaltar me dei siste livskraftige bestandane av den opphævelege ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein fragmentering av villreinen sine leveområde. Det er no auka fokus på arealforvaltning som ein viktig strategi for å ta vare på villreinen som art på lang sikt.

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no.
Nettside: <http://villrein.no/setesdal-nemnd/>



I 2013 blei regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) godkjent der omsynet til villreinen står sentralt. Planen fastsett ei klar grense for Nasjonalt villreinområde (NVO) og tek omsyn til villreinens arealbruk til ulike årstider. Oppdraget med å lage Heiplanen var gitt av Miljødepartementet for ha ei heilskapleg forvaltning av fjellområde som er særskild viktige for villreinen si framtid.

Jamfør Heiplanen ligg aktuelt tiltaksområde i omsynsone «nasjonalt villreinområde». I alle saker i villreinområdet skal villreinens interesser vurderast opp mot tiltaket. Oppdatert villreinkunnskap skal ligge til grunn for vurderingane.

I dei generelle retningslinjer for Nasjonalt villreinområde heiter det blant anna:

- *Villreinen har større toleranse for ferdsel i områder med skogsterreng, dette og den sesongmessige bruken av området skal tillegges vekt ved behandling av søknader i hele området.*
- *Det skal legges spesiell vekt på å unngå virksomhet, aktivitet og forstyrrelse i vinter beiteområder, kalvingsområder og viktige trekkområder samt fokusområdene i de aktuelle årstider/perioder. Det skal heller ikke tillates byggevirkosomhet som forringer villreinens bruksmuligheter av disse områdene.*
- *Nye fritidsbygg tillates ikkje*

I dei spesielle retningslinjer for nasjonalt villreinområde heiter det mellom anna:

- *Grunneiere som driver utmarksnæringer kan bygge, rehabilitere og videreutvikle nødvendige driftshusvære og støler for å utnytte utmarksressursene på eiendommen, i samsvar med gjeldende forståelse av utmarksnæringer*
- *Lokalisering av alle nye bygg skal skje i minst mulig konflikt med villreinens areal bruk etter vurderinger basert på oppdatert kunnskap i samsvar med plan. Alle byggetiltak forutsettes å skje i tilknytning til dokumenterbare utmarksnæringer.*


Villreinen i området

Jfr bestandsplanen for Setesdal Austhei villreinområde er målet at det skal vere 1500 dyr. Det er pr dags dato noko under dette. Området nord for fylkesveg 45 har mykje samanhengande høg fjell og utgjer først og fremst vinterbeite, mens skogsområda i syd utgjer kalving og sommarbeite.

I Norsk villreinsenter rapport 6/2010 er villreinen sin bruk av areala i Fyresdal omtalt slik: *I Fyresdal bruker villreinen i all hovudsak områdene i barmarkssesongen, dvs. til kalving og sommarbeite. Kalving i relativt stor utstrekning i heiområdene mellom Ramsvatn og Birtevatn. Samme område brukes av fostringsflokkene også til sommarbeite, samt områder østover mot Rudsvatn og Snjoheii. Ellers er det en spredt bruk av store deler av kommunens villreinareal.*

Tiltaket ligg heilt aust i villreinområdet. Data frå GPS-prosjektet viser at ingen av dei merka simlene har vore her i prosjektperioden. Området må reknast som eit randområde for villreinen, men kan vere viktig ut i frå stamma si vekselbruk over tid.

Jamfør Miljødirektoratet sin kartteneste (villrein WMS) er det ikkje noko funksjonsområde som kalving- eller vinterbeite knytt til område, men det er eit registrert eit trekkområde austover (sjå kart).



Kart: Oversikt over omsynsoner etter Heiplanen og funksjonsområde for villreinen. Tiltak er i rødt markert punkt.

Sluttvurdering og konklusjon

Meir ferdsel i villreinområda, blant anna grunna betre standard og mengd med hytter/sengeplassar, kan føre til auka press og forringa villreinen sine bruksmoglegheiter. Påverknad av eit tiltak må ikkje vurderast isolert, men utifrå den miljøbelastninga som har skjedd gjennom andre påverknadar, og potensielle nye. Det er særskilt viktig med ei heilskapleg forvaltning av fjellområda og at Heiplanen sine retningslinjer blir lagt til grunn.

Jamfør Heiplanen er det ikkje tillate å sette opp fritidsbustader. Driftshusvære og stølar som er knytt til dokumenterbar utmarksnæring kan bli tillate etter ei vurdering knytt til villreininteressene. Med bakgrunn i den kunnskap me har i dag om området sin funksjonsverdi, meiner nemnda at tiltaket ikkje vil påverka villreinen i større grad. Ein må likevel ta i betraktning at villreinen sin bruk kan endra seg.

Søknaden gjeld «oppsetting av Hytte ved gamal støy». Det blir opplyst at hytta vil bli brukt til utleige og eigen bruk. Det ligg ikkje med dokumentasjon som knyt hytta til utmarksnæring. Villreinnemnda meiner søknaden er mangelfull og vil rå i frå å gi løyve slik søknaden føreligg. Dersom ein skal gi løyve må kommunen leggje vekt på ein grundig dokumentasjon slik at det ikkje er tvil om at dette er ei driftshytte knytt til stadbunden næring. Dette for å unngå ei arealdisponering som i praksis legg til rette for ny fritidsbustad innafør nasjonalt villreinområde.

Villreinnemnda ber om å få tilsendt vedtak i saka.

For villreinnemnda

Knut Hagen
leiar

Anders Bergsland
lokal representant, vara

Kopi til:

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Postboks 2076	3103 TØNSBERG
Vestfold og Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702 SKIEN